



LINDÅS KOMMUNE

# Tilstandsrapport Grunnskulen i Lindås

Melding om kvalitet og tilstand 2014-2015



**Kunstnarar i aksjon på Ostereidet barneskule**

**Det er tydeleg at elevane kosar seg i kunst-og handverksfaget. Her er mykje ivrig arbeid, god stemning, og ikkje minst: flotte kunstverk!**

# Tilstandsrapport for grunnskolen

## Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

## Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innhald ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

## Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

## Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

*Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.*

# Innhold

<b>1. Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>2. Hovudområder og indikatorar .....</b>	<b>6</b>
2.1. Skulefakta / ressurser .....	6
2.1.1. Elevtal .....	6
2.1.2. Tilsette og lærartettleik .....	6
2.1.3. Økonomi .....	8
2.2. Læringsmiljø .....	9
2.3. Læringsresultat .....	12
2.3.1. Kartleggingsprøver .....	12
2.3.2. Nasjonale prøver .....	13
2.3.3. Nasjonale prøver lesing 5. steget .....	15
2.3.4. Nasjonale prøver lesing ungdomssteget .....	17
2.3.5. Nasjonale prøver rekning 5. steget .....	19
2.3.6. Nasjonale prøver rekning ungd. steg .....	21
2.3.7. Nasjonale prøver engelsk 5. steget .....	23
2.3.8. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg .....	25
2.3.9. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk .....	26
2.3.10. Grunnskulepoeng .....	28
2.4. Gjennomføring .....	30
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO .....	30
<b>3. Tidleg innsats .....</b>	<b>32</b>
<b>4. Opplæring av minoritetsspråklege elevar .....</b>	<b>34</b>
<b>5. Opplæring av vaksne .....</b>	<b>35</b>
<b>6. System for oppfølging (internkontroll) .....</b>	<b>36</b>
<b>7. Strategisk plan 2014-2018 .....</b>	<b>38</b>
<b>8. Konklusjon .....</b>	<b>39</b>

# 1. Samandrag

Den årlege tilstandsrapporten er heimla i opplæringslova § 13-10. Rapporten er eit sentralt dokument i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Innhaldet er knytt til nasjonale mål for kvalitet i grunnopplæringa; læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal gi skuleeigar eit grunnlag for å drøfte lokale mål og vidare kvalitetsutvikling. Alle tal i rapporten er henta frå GSI, KOSTRA og Skoleporten.

Kapittel 2.1 inneheld skulefakta med elevtal, undervisningspersonell, lærartettleik og økonomi. Tala som ligg i denne rapporten er henta frå GSI pr.oktober 2014. Elevtalet i Lindås er rimeleg stabilt. Det er små svingningar frå år til år. På nokre skular kan likevel elevtalet endre seg ganske markant i løpet av eit skuleår. Store endringar i løpet av eit skuleår gir skulen utfordringar i høve til organisering, tilsetningar og økonomi. Til dømes har Lindås barneskule hatt både stor utflytting og stor tilflytting dette skuleåret. Talet i dag er 6 elevar meir enn i oktober 2014. 1.klasse måtte delast etter påske.

Samla driftsutgifter for grunnskulen i Lindås ligg på 107.448kr/elev. Nasjonalt nivå er 101.230kr/elev. Dette utgjer ca. 6.000kr/elev, samla for Lindås vel 11.000.000kr i løpet av eit år. Vedtak om ein berekraftig kommuneøkonomi, vil gi skulane i Lindås utfordringar til liks med dei andre etatane i kommunen.

Læringsmiljøet på ein skule er avgjerande for den enkelte elev si læring og utvikling. Elevundersøkinga skal gi eit bilete av korleis elevane sjølv opplever læringsmiljøet på sin skule. Resultat frå Elevundersøkinga hausten 2014 er presentert i kapittel 2.2. Vi ser ei positiv utvikling i Lindås og er spesielt nøgd med mobbetala. Skuleåret 2014-2015 er det fyrste året ein ser nedgang i omfang av mobbing både lokalt og nsajonalt.

Kapittel 2.3 omhandlar læringsresultat. Læringsresultat er målt gjennom obligatoriske kartleggingsprøver på 1-4.steg, på nasjonale prøver på 5., 8. og 9.steg og på karakterar i standpunkt og eksamen på 10.trinn. Kartleggingsprøvene bidreg til å fange opp elevar som treng ekstra hjelp dei første skuleåra. Prøvene vert brukt etter føremålet. Frå våren 2014 vart også dei frivillige kartleggingsprøvene obligatoriske i Lindås. Nasjonale prøver måler grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning. Engelskprøver er knytt til kompetansemåla i engelsk.

Resultat på nasjonale prøver varierer frå år til år mellom skulane og på den enkelte skule. Det er i denne samanheng viktig å ta med at svakt resultat for enkeltelevar på små skular gir større utslag enn på store skular. Mellom anna derfor er det den enkelte skule som best kan gi tala innhald og meining. Dei kjenner elevgrunnlaget, klassen og lærarane og har dette perspektivet med i oppfølgingsarbeidet. Statistisk sett skil ikkje resultatata frå Lindås seg skarpt frå resultatata for resten av landet. På kommunenivå vert det meir interessant å sjå på prosentdel av elevar på ulike meistringsnivå. Tala her er statistisk representativ og kan samanliknast med nasjonale. Her ser vi at Lindås kommune framleis har for mange elevar på lågaste meistringsnivå og for få elevar på høgaste nivå. Ungdomsskulane gir elevane eit tydeleg løft. Læringsresultat på 9. og 10.trinn ligg nært opp til nivået i Hordaland og nasjonalt.

Tidleg innsats (kap. 3) er viktig for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Våre tal syner at vi ligg høgt på prosentdel av elevar som får spesialundervisning, og talet aukar med elevane sin alder. Det vert sett inn tiltak både nasjonalt og lokalt for å snu denne utviklinga.

Minoritetsspråklege elevar (kap. 4) er ei elevgruppe med særskilde rettar etter opplæringslova §2-8.Kommunen sine retningsliner for opplæring av minoritetsspråklege elevar er endra i tråd med pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland (tilsyn 2014). Arbeidet vidare vert retta inn mot kompetanseheving, oppfølging av undervisning og forvaltning på skulane.

Opplæring av vaksne etter § 4A-1 og 4A-2 i opplæringslova (kap.5), er organisert under Lindås lærings- og utgreiingssenter. Opplæringa omfattar grunnskuleopplæring for vaksne, spesialundervisning for vaksne og norskopplæring for vaksne innvandrarar og flyktingar. Opplæringa er prega av høg kvalitet og gir gode resultat for elevane.

Lindås kommune sitt system for oppfølging av skulane (internkontroll) er skildra i kap.6.

Kap.7 inneheld ein omtale av Strategisk plan for 2014-2018. Grunnskulen har fire sentrale satsingsområde. Arbeidet med ein eller fleire av desse er i god driv på skulane.

## 2. Hovudområder og indikatorar

### 2.1. Skulefakta / ressurser

#### 2.1.1. Elevtal

Indikatoren opplyser om talet på elevar, klasser, kontaktlærarar og tal elevar pr.kontaktlærar som er registrerte ved grunnskulane i GSI per 1. oktober 2014.

	Elevtal	Klassetal	Kontakt- lærarar	Tal elevar pr kontaktlærar
<b>Alversund</b>	369	19	21	17,6
<b>Eikanger</b>	74	4	7	10,6
<b>Kløvheim</b>	40	3	3	13,3
<b>Knarvik b.</b>	205	14	14	14,6
<b>Leiknes</b>	158	7	10	15,8
<b>Lindås b.</b>	167	7	13	12,8
<b>Myking</b>	52	7	6	8,7
<b>Ostereidet b.</b>	104	7	7	14,9
<b>Seim</b>	144	7	9	16,0
<b>Skodvin</b>	60	5	5	12,0
<b>Totalt 1.-7.klasse:</b>	<b>1373</b>	<b>80</b>	<b>95</b>	<b>13,6 (snitt)</b>
<b>Knarvik u.</b>	342	13	26	13,2
<b>Lindås u.</b>	127	6	6	21,2
<b>Ostereidet u.</b>	103	6	6	17,2
<b>Totalt 8.-10.trinn:</b>	<b>572</b>	<b>25</b>	<b>38</b>	<b>17,2 (snitt)</b>
<b>Samla:</b>	1945	105	133	14,6

#### Samla elevtalsutvikling frå 2008 til 2014

Skuleår:	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
<b>Elevtal:</b>	1943	1933	1924	1950	1981	1954	1945

#### 2.1.2. Tilsette og lærartettleik

##### Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet og assistentårsverk.

Lærartettleik vert berekna med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som vert tildelt på grunnlag av individuelle rettar.


Indikatorar og nøkkeltal	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Elevtal	1943	1933	1924	1950	1981	1954	1946
Årsverk lærarar	192,9	202,8	207,2	208,2	203,8	196,9	200,8
Årsverk assistentar	37,8	45,9	41,6	39,7	36,8	34,3	30,8

### Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10.steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik ned på skulenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

### Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, 2014-2015

**Årsverk og lærartetthet på den enkelte skule 2014-2015:**

Skule	Elevtal 12-13	Elevtal 13-14	Elevtal 14-15	Årsverk 14-15	Elevar pr. årsverk
Alversund	402	385	369	30,3	12,2
Eikanger	62	62	74	7,34	10,1
Kløyvheim	36	36	40	4,95	8,1
Knarvik b.	211	203	205	22,17	9,2
Leiknes	163	156	158	13,47	11,7
Lindås b.	175	163	167	17,72	9,4
Myking	47	46	52	7,02	7,4
Ostereidet b.	101	97	104	11,32	9,2
Seim	134	140	144	12,19	11,8
Skodvin	67	72	60	7,65	7,8
Knarvik u.	330	345	342	36,47	9,4
Lindås u.	144	139	127	15,41	8,2
Ostereidet u.	108	109	103	14,16	7,3

**2.1.3. Økonomi**

Nøkkeltal er offisielle tal henta frå KOSTRA 2014

Indikatorar og nøkkeltal	LK 2011	LK2012	LK 2013	LK 2014	Ho. 2014	Nasj. 2014
Samla driftsutgifter	103.545	106.706	107.767	107.448	100.549	101.230
Netto løn	88.862	93.123	93.776	96.769	84.361	84.015
Netto drift	85.907	89.204	89.464	88.545	80.483	81.196
Driftsutg. materiell	1.850	1.766	1.626	1.655	1.441	1.418
Driftsutg. inventar og utstyr	843	727	963	745	963	887

**Lokale mål for ressurser**

- Lindås kommune skal ha ein berekraftig kommuneøkonomi
- Lindås kommune skal gi eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen

**Vurdering av resultat**

Slik situasjonen er i dag, har ikkje Lindås kommune ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Rådmannen meiner at kommunen er kome til eit punkt der ein må gjere tydelege og avgjerande grep for å sikre berekraftige tenester og berekraftig økonomi, som strekker seg langt utover eksisterande økonomiplanperiode.



## Vidare arbeid

Med berekraftig kommuneøkonomi ligg det at kommunen til ei kvar tid må ha eit økonomisk handlingsrom som sikrar at kortsiktige avgjerder er i trå med langsiktige mål og utviklingstrekk. Kommunen skal gjennom økonomiforvaltninga sørgje for rettferd mellom generasjonar. Kommunen skal samordne miljømessige, sosiale og økonomiske mål i planlegging og handling.

## 2.2. Læringsmiljø

### Om Læringsmiljø

Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga kvar haust for elever på 7. og 10. steget. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten.

I tabellane er det både indikatorar og indeksar. Ein indikator består av eitt spørsmål, mens indeksar er sett saman av to eller fleire av dei obligatoriske spørsmåla i Elevundersøkelsen.

### I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane
  - Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.
- Vurdering for læring
  - Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.
- Læringskultur
  - Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.
- Meistring
  - Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.
- Elevdemokrati og medverknad
  - Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid. Skala: 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat.
- Mobbing på skolen
  - Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)
  - Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

### Resultat (tabellar):

Indikatoral for Lindås kommune, 7.trinn - [her](#) (utvikling) og [her](#) (geografisk samanlikning)

Indikatortal for Lindås kommune, 10.trinn - [her](#) (utvikling) og [her](#) (geografisk samanlikning)

### Lokale mål

- Alle elevane i kommunen skal trivast på skulen, dei skal verte sett og verdsett kvar dag. Dei skal oppleve meistring og inkludering.
- Skulane skal ha gode demokratiske prosessar som involverer alle sentrale aktørar, elevar, lærarar, assistentar og foreldre/føresette.
- Ingen elevar i Lindås skal oppleve mobbing.
- Elevane skal ta aktivt del i si eiga læring, klassen og skulen sitt læringsmiljø. Dei skal vera med å vurdera seg sjølve og få god rettleiing i læringsarbeidet.

### Vurdering av resultat

Alle skulane har gjennomført elevundersøkinga på 7. og 10.trinn. Resultata på kvar skule vert vurderte i møte med elevane i klassane, personalet og i rådsorgana (FAU, SU/SMU). Skulane gjer eit systematisk arbeid med vurdering av resultat på undersøkelsen, ser dette i samanheng med annan kunnskap om elevane sitt skulemiljø. Skulen sine konklusjonar vert utgangspunkt for mål I og tiltak for vidare arbeid med læringsmiljøet på skulen.

Om utvikling i arbeidet med Elevundersøkelsen og elevane sitt læringsmiljø vert det sagt frå ein skule:

*Dette er første gongen skulen har jobba med elevundersøkinga og læringsmiljøet på ein så systematisk måte. Vi har konkludert med at det har vore svært nyttig på mange måtar.*

Elevane i Lindås trivst på skulen. På 7.trinn ser vi ein positiv utvikling på alle indikatorane samanlikna med fjoråret. På 10.trinn ser vi same tendensen. Om vi samanliknar Lindås med andre, ligg nivået noko lågare hos oss, men det er ikkje markante skilnadar.

Ei målsetjing i Lindås har vore utvikling av gode relasjonar mellom lærar og elev. I elevundersøkinga får elevane spørsmål om kva grad av støtte dei opplever frå læraren. Kommunen har hatt framgang på kva støtte eleven opplever frå læraren (både barne og ungdomstrinn). Vidare er det god framgang når det gjeld spørsmål om læringskultur.

Skuleåret 2014-2015 er det fyrste året ein ser nedgang i omfang av mobbing både lokalt og nasjonalt.

### Vidare arbeid med læringsmiljø

Lindås kommune har ulike tiltak i gang for arbeid med og styrking av læringsmiljøet:

- De utrolige årene
- Zippy´s venner (1.trinn)
- MOT
- Ungdomstrinn i utvikling med fokus på «Klasseleiing»

Arbeidet med desse programma skal vidareførast.

På alle skulane vert det jobba med læringsmiljøet generelt; relasjonsarbeid, klasseleiing og friminuttaktivitet er sentrale tema. Mobbing er i tillegg eit viktig område. Mobbing vert tatt på alvor på alle skulane i Lindås. Førebyggjande arbeid, handlingsplikt og tidlig/rask intervensjon når ein får melding om/frå elevar som ikkje trivst på skulen er det som ofte er omtalt i «Kvalitetsrapport 2014-2015» frå skulane. I samarbeid med foreldra vert alvorlege saker følgd opp, og ein freistar å finne gode løysingar.

Enkelt saker kan vere veldig komplekse og utfordrande å løyse. Skulane er svært oppteken av ikkje «å sleppe saka» før tiltak har hatt forvent/ ønskja effekt.

To døme på arbeid med gode tiltak:

MOT – desemberundersøkelsen 2014 – sitat svar frå ein elev:

*Jeg synes MOT har vært med å gjøre mennesker sterkere. Både de som blir mobbet, mobbere, og de som ikke gjør noe spesielt. Jeg tror MOT har hjulpet oss å ta egne valg. MOT kan bli bedre ved å hjelpe de som har det vondt. MOT er supert!*

Førebyggjande arbeid – sitat frå ein skule:

*Vi har gjennom året jobba med dei vaksne si rolle i friminutta og hatt trykk på god støtte, gode observasjonar og positiv aktivitet ute. Gjennom ulike aktivitetsdagar har vi hatt som mål å skapa betre aktivitet i friminutta, og dei eldste elevane har tatt medansvar for å aktivisera dei yngste. Vi har utvikla klassemøta med eigne reglar for gjennomføring av møtet samt felles-tema i klassane. Møtet er ein svært viktig arena for å gje elevane medverknad og forståing av at deira stemme er viktig i fellesskapet. Både lærarar og assistentar må ha fokus på at vi har eit felles ansvar og ei individuell plikt til handling når det oppstår mistanke om at nokon ikkje har det bra. Vi har mellom anna jobba med korleis vi møter alle elevane våre, i garderoben, i friminuttet, i gangarealet osv. Vi erfarer tydelege og venlege vaksne som bryr seg. Vi har hatt svært mykje fokus på vaksnerolla, og det er bra å sjå at elevane våre opplever at dei vaksne bryr seg, og at dei vaksne reagerer på same måte i høve kva som er rett og galt.*

I februar 2015 la Djupedalsutvalet fram sin rapport: NOU 2015:2 «Å høre til» - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø. Rapporten er omfattande og det går tydeleg fram at eit godt psykososialt skolemiljø er grunnmuren for eit godt læringsmiljø og for elevane sin trivsel og tryggleik i skulekvardagen.

I september 2015 vil Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med utvalet arrangere ein fagdag for skuleeigarar og skuleleiarar i fylket. Dag og tid er sett av og det vert høg deltaking frå Lindås på denne fagdagen. Kunnskap og framlegg til tiltak vil bli følgd opp med drøftingar og planar kommunalt.

I tråd med strategiplanen skal vidare arbeid med læringsmiljø i Lindås leggje stor vekt på:

- Arbeid mot mobbing
- Klasseleiing – læraren som tydeleg leiar
- Fagleg rettleiing og faglege utfordringar («Vurdering for læring»)
- Ungdomstrinn i utvikling (styrking av elevane sin motivasjon for læring gjennom ein meir praktisk og relevant skuledag)

I tillegg skal det hausten 2015 utarbeidast ein ny «Kvalitetsplan for oppvekst» som i størst mogleg grad skal støtte opp om målsetjinga om auka «Tverrfagleg innsats» og «Tidleg innsats». Inn mot dette prosjektet vil det bli gjort fleire prioriteringar om vegen vidare og faglege/sosiale satsinger.

## 2.3. Læringsresultat

Nasjonale mål for grunnopplæringa:

- Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.
- Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis for vidare studier eller arbeidsliv.

### 2.3.1. Kartleggingsprøver

Føremålet med kartleggingsprøver er å undersøkje om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging i ferdigheiter og fag. Prøvene skal kunne gi eit betre fagleg og pedagogisk grunnlag for å organisere opplæringa og tilpasse den til den enkelte eleven, vurdere om det bør setjast i verk tiltak og vera eit hjelpemiddel i arbeidet med tidleg innsats.

Kartleggingsprøver er ikkje prøver i fag, men i grunnleggjande ferdigheiter i alle fag. Prøvene tek derfor ikkje berre utgangspunkt i kompetansemåla i norsk og matematikk, men også i andre fag der mål for lesing og rekning er integrerte. Kartleggingsprøvene er laga slik at dei har mange lette oppgåver og få middels eller vanskelege oppgåver. Prøvene har derfor ein såkalla "takeffekt". Kartleggingsprøvene fortel på den måten ikkje noko om elevar på ulike ferdighetsnivå, men gir berre informasjon om kven av elevane som ligg under ei bekymringsgrense. Nasjonale prøver, derimot, gir informasjon om elevane på alle meistringsnivå.

I grunnskulen er det i dag obligatoriske kartleggingsprøver i leseferdigheit for 1., 2. og 3. steget, og obligatorisk kartleggingsprøve i talforståing og rekneferdigheit på 2. steget. I tillegg er det tilbod om frivillige kartleggingsprøver i talforståing og rekneferdigheit på 1. og 3. steget, i engelsk på 3. steget og i digitale ferdigheiter på 4. steget.

#### Lokale mål for kartleggingsprøver 1.-4.trinn

1. Alle prøvene (både dei nasjonalt pålagde og dei frivillige) skal vere obligatoriske i Lindås kommune
2. Kartleggingsprøvene skal vere eit verktøy på skulane for å fange opp og følgje opp enkeltelevar som treng ekstra oppfølging i ferdigheiter og fag. Dette skal vere med på å realisere «Tidlig innsats».

#### Vurdering av resultat

Alle skulane har gjennomført kartleggingsprøvene. Tilbakemeldingane er at dette er prøver som er svært nyttige for lærarane og skulane. Elevar vert fanga opp og tiltak vert sett inn.

Døme på vurdering av arbeidet på to skular:

*Kartleggingsprøvene som var tatt våren 2014 vart grundig følgd opp i klassesamtalane på slutten av skuleåret. Elevar som vi ser må følgjast opp med meir kartlegging og ev. nye tiltak, fangar vi opp i desse møta. Gjennom etablering av ressurs-teamet opplever vi å ha enda betre oversikt over elevane våre. Ressursar og ulike tiltak vert brukt på ein meir fleksibel måte, og vi synes vi i stor grad lukkast med å integrera alle elevar i klasse-fellesskapet.*

*Generelt kan vi seie at elevane skårar bra på kartleggingsprøvene i lesing og rekning. Prøvene syner tydeleg kvar hola er for den einskilde elev, og det er difor lett å gripe fatt i desse problema*

*for faglærar. Vi ser også at nokre av dei minste elevane slit med å konsentrere seg over tid, og at resultatet ikkje nødvendigvis alltid syner eleven sin kompetanse i lesing/rekning, men mangel på konsentrasjon. Vi arbeider stadig med å få betre rutiner for å følgje opp einskildelevane i høve til resultatet av kartleggingsprøvene.*

Døme på tiltak:

- Tempolex i klasser og i mindre grupper
- Elevkartlegging ved hjelp av LOGOS
- Rettleia lesing og tilpassa leseopplæring
- Tydeleggjering / konkretisering av mål og tiltak for enkeltelevar
- Generelt fokus på leseopplæring på 1.-4.trinn særleg med tanke på å fanga opp elevar tidleg

## Vidare arbeid med grunnleggjande ferdigheiter på 1.-4.trinn

1. Skulane skal innan utgangen av juni sende inn eit oversyn over kor mange elevar som scorar på eller under kritisk grense på dei ulike prøvene.
2. Skulane skal utarbeide ein plan for tiltak for desse elevane
  - a. Planen skal gjennomførast i løpet av skuleåret 2015-2016
  - b. Tiltaka skal evaluerast undervegs og i løpet av våren 2016
3. Skuleeigar skal ha eit oversyn over tilstanden på skulane i kommunen og sjå dette i samanheng med tiltak for tidleg innsats og styrking av den ordinære opplæringa jf satsingsområde 3 i strategiplanen for 2014-2018.

### 2.3.2. Nasjonale prøver

Frå og med hausten 2014 vert nasjonale prøver publisert på ein ny skala. Den vil gjere det mogleg å samanlikne resultat mellom prøver allereie i haust, og resultat mellom år frå og med hausten 2015. To prøver vil aldri vere nøyaktig like vanskelege og ha det same faglege innhaldet. Elevane sine resultat vert rekna om til den nye skalaen slik at same ferdigheit i til dømes rekning vert gitt same verdi, uavhengig av kva versjon av prøven eleven tok. I 2014 vil det nasjonale snittet for 8. trinn på den nye skalaen ligge på 50, med ei spreining (standardavvik) på 10 poeng. Snittet kan justere seg over tid, om elevane sine prestasjonar endrar seg.

I Tilstandsrapporten er det tatt med to diagram. Det første diagrammet viser spreining i resultat innafor gruppa. Rettleiinga under er nyttig når det gjeld å tolke resultat på dette diagrammet. Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheit knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreining av resultat til elevane. På 5. og 8./9. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast.

Det andre diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Meir informasjon om nasjonale prøver på **open del av Skoleporten**:

- 5.trinn - [her](#)
- 8.trinn - [her](#)
- 9.trinn - [her](#)

## **Fritak frå nasjonale prøver – UDIR:**

Kvaliteten på resultatene fra nasjonale prøver er avhengig av at alle skolene følger regelverket for individuelt fritak. Hovedregelen er at prøvene er obligatoriske for alle elever, og at adgangen til fritak er begrenset.

Det er kun to kategorier elever som skolelederen kan vurdere for fritak fra nasjonale prøver:

1. Elever som allerede har enkeltvedtak om rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova, og der det også er klart at resultatet fra prøven som eleven blir fritatt fra, ikke vil ha mye å si for elevens opplæring.
2. Elever som allerede har enkeltvedtak om rett til særskilt språkopplæring for språklige minoriteter etter § 2-8 i opplæringslova, og der det også er klart at resultatet fra prøven som eleven blir fritatt fra, ikke vil ha mye å si for elevens opplæring.

Dette betyr at elever med enkeltvedtak om spesialundervisning eller særskilt språkopplæring ikke automatisk skal få fritak fra nasjonale prøver. Skolelederen skal i samråd med læreren gjøre en særskilt og individuell vurdering av om resultatene til elever med enkeltvedtak kan være nyttig i lærerens tilrettelegging av opplæringen. Fritak skal skje etter alminnelige krav til forvaltningen, blant annet kravet til likebehandling og klagerett. Skolen kan fatte vedtak om fritak uten en formell søknad fra eleven/de foresatte, men disse skal få anledning til å uttale seg før et slikt vedtak blir fattet. Selv om en elev oppfyller vilkårene for fritak, kan eleven selv eller de foresatte likevel bestemme at eleven skal gjennomføre prøven. Denne avgjørelsen kan ikke skolen eller kommunen overprøve eller klage på. Dette står i § 2-4 første og andre ledd i forskrift til opplæringslova og privatskolelova.

## **Publiseringsreglar – UDIR:**

Når resultatene er basert på få elever er det fare for at enkeltelever kan identifiseres, slike opplysninger er taushetsbelagte personopplysninger. Skoleporten har derfor strenge publiseringsregler for å ivareta elevenes personvern.

På åpen del av Skoleporten skal følgende publiseringsregler ivareta elevenes personvern:

Regel 1: Dersom tallet er basert på fritak av 1 – 4 elever skal prosenten for fritatt prikket.

Regel 2: Verdien for "annet fravær" skal prikket dersom verdien for "fritatt" er prikket.

Regel 3: Verdien for både fritatt og annet fravær skal prikket dersom 100 prosent av elevene er fritatt.

Regel 4: Dersom regel 1 eller 3 kommer til anvendelse for ett av kjønnene, skal også tilsvarende tall for det andre kjønn prikket. Tallene for begge kjønn samlet skal likevel ikke prikket dersom ikke regel 1 kommer til direkte anvendelse for dette tallet

## **Resultat fritaksprosent i Lindås kommune over tid og samanlikna med andre:**

5.trinn:

- Utvikling frå 2010/11 til 2014/15 - [her](#)
- Samanlikning geografisk - [her](#)

8.trinn:

- Informasjon om fritaksprosent på 8.trinn er unntatt offentlighet i 2014/15 da tal på fritak ligg under grensa for offentleggjering.

9.trinn:

- Utvikling frå 2010/11 til 2014/15 - [her](#)
- Samanlikning geografisk - [her](#)

## **Vurdering:**

Fritak i Lindås kommune ligg lågt både over tid og samanlikna med andre. Det vil seie at fritaksreglana vert følgd på skulane, og at dei elevane som ikkje skal fritakast heller ikkje er fritatt. Ein skal vere varsam med å trekke nokon konklusjon på dette grunnlaget, men når elevresultat vert vurdert, skal ein likevel ha dette perspektivet med seg.

## Hjelp til tolking av diagram som viser spreing:

### Skalaforklaring




Usikkerheten blir mindre når gjennomsnittet er basert på flere elever.

### Flere elever = mindre usikkerhet



Dersom usikkerheten for to gjennomsnitt overlapper hverandre, kan vi ikke være sikre på at gjennomsnittene er forskjellige



Søylen viser 60 % av elevene.

En stor søyle betyr at det er stor **spredning** i elevenes resultater, mens en liten søyle betyr at det er liten spredning

### Symbolforklaring

- \* Tall er unntatt offentlighet
- ✗ Tall er ikke publisert på valgt visning av rapporten
- ✂ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år


## 2.3.3. Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Diagrammet viser spreiring (jmf forklaring over) på 5.trinn

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver lesing 5. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivå på 5.trinn

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole






## 2.3.4. Nasjonale prøver lesing ungdomssteget

Diagrammet viser spreiding (jmf forklaring over) på **8.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver lesing ungd. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike mestringsnivå på **8.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**


Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Diagrammet viser spreining (jm forklaring over) på **9.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver lesing ungd. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivå på **9.trinn**

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



## Lokale mål for lesing

Grunnskulen i Lindås skal ha færre elevar på lågaste meistringsnivå og fleire elevar på høgste meistringsnivå.

## Vurdering av resultat

Resultata for Lindås skil seg ikkje skarpt frå resultata for resten av landet. Dette går fram av diagramma som syner spreiding. Likevel merkar vi oss at gjennomsnittet vårt er noko lågare enn gjennomsnitt for dei andre gruppene. Vi har framleis for mange elevar på lågaste nivå og for få på høgaste nivå samanlikna med andre.

## Vidare arbeid med lesing

Lesing er den viktigaste grunnleggjande ferdigheiten i dag. Utan kompanse i lesing vert framtida for ein elev utfordrande. For å styrkje leseopplæringa for den enkelte elev i kommunen, vart det igangsett eit nytt leseprosjekt hausten 2013 – «LeseLos». «LeseLos» er eit verktøy utarbeidd av Lesesenteret i Stavanger. Det skal observere og støtte elevane si leseutvikling og vere ein rettleiar for lærarane og deira planlegging av undervisninga.

Fire skular starta opp med «LeseLos» hausten 2013 og fire nye kom til hausten 2014. Skulane har hatt «LeseLos» som eit felles skulebasert utviklingsprosjekt. Prosjektet er prioritert med planleggingsdagar og i fellestid på skulane. Erfaringane så langt er svært gode. Dei tilsette har fått auka kompetanse i teori om utvikling av leseferdigheiter, i planlegging av leseundervisning og i oppfølging av den enkelte elev si utvikling. Vi ser fleire teikn på at systematikken i arbeidet både kommunalt og lokalt bidreg til eit løft for leseutviklinga sjølv om dette framleis ikkje er tydeleg i resultat på dei nasjonale prøvene.

Sagt om LeseLos i kvalitetsrapport frå skulane:

*Vi erfarer at strategiar, tankar og arbeidsmåtar frå «LeseLos» i aukande grad pregar arbeidet med lesing i alle klassar.*

*Vi har framleis ein veg å gå før dette verktøyet har blitt heilt innarbeidd i arbeidet med lesing i alle fag. Difor kjem vi neste skuleår til å jobbe om lag på same måte som dette året, men med litt meir kunnskap om verktøyet i utgangspunktet. Og allereie no ser lærarane at dette er eit verktøy som er svært nyttig. Dei ser nytten av det for si eiga tenking omkring lesing, og dei opplever at elevane på ein annan måte enn før forstår det dei les, kvifor dei les, korleis dei skal lesa og korleis dei kan nytte det dei les i arbeidet vidare. Det har særleg vore kjekt å sjå kva dette har betydd når det for eksempel gjeld lesing i matematikk. Vi er ikkje i mål enno, men vi har fått eit verktøy som vi kan bruke.*

LeseLos-prosjektet skal vidareførast neste skuleår i tråd med strategiplanen kapittel 8 satsingsområde 3: Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter.


## 2.3.5. Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Diagrammet viser spreining (jmf forklaring over) på **5.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver regning 5. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike mestringsnivå på **5.trinn**

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




## 2.3.6. Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Diagrammet viser spreiring (jm forklaring over) på **8.trinn**:

### Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver rekning ungd. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivå på **8.trinn**

### Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk


Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Diagrammet viser spreiring (jm forklaring over) på **9.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver regning ungd. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivå på **9.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



## Lokale mål for rekning

Grunnskulen i Lindås skal ha færre elevar på lågaste meistringsnivå og fleire elevar på høgste meistringsnivå.

## Vurdering av resultat

Resultata for Lindås i rekning skil seg heller ikkje skarpt frå resultata for resten av landet. Dette går fram av diagramma som syner spreining. Men også i rekning ser vi at i oss at gjennomsnittet vårt er noko lågare enn gjennomsnitt for dei andre gruppene, spesielt på 8.trinn. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 (5.trinnet) og nivå 1 og 2 (ungdomstrinnet) samanlikna med andre og for få på nivå 3 (barnetrinnet) og nivå 4 og 5 (ungdomstrinnet). Det er ei tydeleg betring av fordeling av elevar på ulike meistringsnivå frå 8. til 9.trinn.

Det er framleis ulike resultat frå skule til skule. Nokre av skulane melder om mange elevar med store spesialpedagogiske og sosialpedagogiske behov. Desse er ikkje fritekne frå prøvane og dette får derfor innverknad på resultata. Skulane er ikkje overraska over resultata slik dei kjenner elevane. På ein skule er resultatet på 5.trinn særskild bra - nær 40% av elevane i ein klasse ligg på nivå 3 (det høgste).

## Vidare arbeid med rekning

Grunnleggjande ferdigheiter er eit av satsingsområda i Lindås kommune. Oppstart av lesing og innføring av LeseLos vart prioritert i 2013. Vi har erfart at det er viktig å konsentrere seg om få område samtidig og gå meir i djubda før ein tek for seg eit nytt område. Organisering og metodikk som er lagt opp lokalt, sikrar at teori vert lest, drøfta og prøvd ut i praksis med påfølgjande felles refleksjon. Kva fungerte godt, kva kan eg/vi gjere meir av? Kva skal eg/vi ikkje gjere på nytt? O.s.v.

Denne metodikken vil etter kvart også bli nytta på dei andre grunnleggjande ferdigheitene (rekning, skriving, munnleg og digitale ferdigheiter).

Ein av ungdomsskulane har «Rekning som grunnleggjande ferdigheit» som fokusområde i samband med «Ungdomstrinn i utvikling».

Det er i tillegg satsa mykje på vidareutdanning for enkeltlærarar i matematikk både på barnesteget og på ungdomssteget. Seks lærarar tek 30 studiepoeng i matematikk dette skuleåret og seks andre lærarar tek 30 studiepoeng over to skuleår (dette og neste).

## 2.3.7. Nasjonale prøver engelsk 5. steget


Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

Det fyrste diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Det andre diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Diagrammet viser spreining (jf forklaring over) på **5.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole




Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver engelsk 5. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike mestringsnivå på **5.trinn**:

### **Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn 2014, Engelsk, 2014-2015




### 2.3.8. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Nasjonalet prøver i engelsk vert gjennomført berre på 8.trinn på ungdomssteget.

Diagrammet viser spreing (jm forklaring over) på **8.trinn**:


#### Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver engelsk ungd. trinn, 2014-2015

Diagrammet viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivå på **8.trinn**:



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn 2014, Engelsk, 2014-2015

### Lokale mål for engelsk

Grunnskolen i Lindås skal ha færre elevar på lågaste meistringsnivå og fleire elevar på høgste meistringsnivå.

### Vurdering av resultat

Resultata for Lindås i engelsk skil seg meir frå resultata for resten av landet. I engelsk ser vi at gjennomsnittet vårt er lågare enn gjennomsnitt for dei andre gruppene, og vi har for mange elevar på nivå 1 (5.trinnet) og på nivå 1 og 2 (ungdomstrinnet) samanlikna med andre og for få på nivå 3 (barnetrinnet) og nivå 4 og 5 (ungdomstrinnet). Det er ulike resultat frå skule til skule. To av skulane skil seg ut med svært gode resultat. Dei har færre elevar samanlikna med andre på lågaste nivå og fleire enn andre på høgaste nivå.

### Vidare arbeid med engelsk

Engelsk er eit fag som krev god fagleg kompetanse. Kommunen har satsa på vidareutdanning for lærarar spesielt på barnetrinnet dei seinare åra. Denne satsinga må ein halda fram med og samtidig må skulane nytte lærarar med engelskkompetanse betre på tvers av klassane.

## 2.3.9. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk


Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

### **Lindås kommune skoleeier | Fordelt på periode**


Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, 2009-2014

## Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, 2013-2014

### 2.3.10.Grunnskulepoeng


Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

### Lindås kommune skoleeier | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, 2009-2014

### Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, 2009-2014

### Lokale mål for karakterar og grunnskulepoeng

Det er eit mål at ungdomsskulane i Lindås skal ha eit resultat som ligg minimum på landssnittet på grunnskulepoeng, på eksamen og i standpunkt.

### Vurdering av resultat

Ungdomsskulane melder at dei er nøgde med at grunnskulepoeng frå våren 2014 ligg over nasjonalt snitt. Når det gjeld eksamen er det gode resultat på munnleg. På skriftleg er det meir varierende. Sett i samanheng med resultatet på nasjonale prøver har elevane god progresjon.

### Vidare arbeid med karakterar og grunnskulepoeng

Statistikk og forskning viser at motivasjonen for læring er lågast på ungdomstrinnet. Både lokalt og nasjonalt har vi utfordringar med tanke på å sikre at dei fleste elevane gjennomfører vidaregåande opplæring. Gjennomføring gir dei eit grunnlag for vidare studier eller deltaking i yrkeslivet, jf dei tre nasjonale måla for kvalitet i grunnskulen. Det er derfor no ei nasjonal satsing på ungdomstrinnet med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Skulane får tilbod om skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular i landet med ungdomstrinn får i perioden 2013-2017 tilbod om deltaking. Skulane er delt i 4 puljer som alle går over tre semestere.

Ungdomsskulane i Lindås er med i pulje 2 og starta opp hausten 2014. Skulane har valt klasseleiing (2 skular) og rekning (1 skule) som prioritert område. Prosjektet er godt forankra i personalet og skulane melder om god oppstart og positiv utvikling.

«Ungdomstrinnet meir variert og praktisk retta» er eit eige satsingsområde i kommunen sin strategiske plan for 2014-2018.

## 2.4. Gjennomføring

### Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

#### 2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

**Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2013 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Lindås kommune skoleeier	Kommunegruppe 08	Hordaland fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i videregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole	98,4	98,0	*	97,9

Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, 2013-2013

**Lindås kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009	2010	2011	2012	2013
Elever (16 år) som er registrert i videregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole	x	99,0	97,4	99,0	98,4

Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, 2009-2013

**Lokale mål og utvikling for overgangar**

Det er eit lokalt mål at kommunen skal medverka til at fleire skal kome seg gjennom skulesystemet og ut i vidare utdanning eller arbeid.

**Vurdering av resultat**

Når det gjeld overgang, er tala rimeleg stabile. Kommunen ligg over snittet i kommunegruppe 8, Hordaland og nasjonalt.

**Vidare arbeid med overføring**

Overgang til og gjennomføring av vidaregåande skule må sjåast i samanheng med vår satsing på styrking av grunnleggjande ferdigheiter og på eit «ungdomstrinn meir praktisk, variert og motiverande».

Vi viser til kapittel 8 i strategiplanen og satsingsområde 4 «Ungdomstrinnet meir praktisk retta».

### 3. Tidleg innsats

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

#### Elevar som får spesialundervisning – fordelt på trinn, periodar og samanlikning med Hordaland og landet (tal henta frå KOSTRA 2014):

Prosent av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning:						
	Lindås 2010	Lindås 2012	Lindås 2013	Lindås 2014	Hordaland 2014	Landet 2014
1.-4.trinn	4,9	6,1	6,6	8,3	5,1	5,2
5.-7.trinn	7,3	11,1	10,1	12,6	8,9	9,5
8.-10.trinn	12,2	14,4	16,4	19,2	10,1	10,5
1.-10.trinn	7,8	10,1	10,7	12,9	7,7	8,1

Andel timar til spesialundervisning av lærartimar totalt:						
	Lindås 2010	Lindås 2012	Lindås 2013	Lindås 2014	Hordaland 2014	Landet 2014
1.-10.trinn	18,8	19,9	20,4	21,2	16,5	17,4

#### Lokale mål for tidleg innsats

- Skulane i Lindås skal ha høg kvalitet på den ordinære opplæringa og på spesialundervisninga.
- Elevar i Lindås skal oppleve meistring og få utvikle sine evner og talent gjennom god tilpassa opplæring frå 1. klasse.
- I løpet av perioden 2014-2018 skal det vere nedgang i talet på elevar med særskilde behov på ungdomssteget, og det skal vere etablert same førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT for alle skular.

Elevar som strevar fagleg eller sosialt, skal få hjelp så tidleg som mogeleg. Dei nasjonale kartleggingsprøvene på 1.-4.trinn vil saman med lokal kunnskap om den enkelte elev, vere verktøy for å fange opp elevar som treng forsterka oppfølging i lesing og rekning tidleg. Opplæringslova § 1-3 seier «På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.»

Ved å satse på styrking av ordinær opplæring, ynskjer vi å gjere den ordinære opplæringa meir romsleg og inkluderande slik at fleire elevar kan oppleve meistring og trivsel innafor ramma av den klassen dei høyrer til. Hovudkonklusjonen i NOU 2009: Rett til læring var: ..- «at forbedringer av de almenne ordningene er det viktigste grepet overfor barn, unge og voksne med særskilte behov».



## Vurdering av resultat

Behov for spesialundervisning er ikkje berre avhengig av elevane sine eigenskapar, men også av kor godt vi klarer å tilpasse den ordinære opplæringa til elevane sine behov. I Noreg er talet på elevar som får spesialundervisning aukande, og talet aukar mest ved auka alder. I Lindås ser vi same utvikling og i år ei ytterlegare auke samanlikna med tidlegare år.

Forskning har vist at kvaliteten på spesialundervisninga som vert gitt i Noreg er varierende og at læringsutbyttet av spesialundervisning er mindre enn innsatsen skulle tilseie. Situasjonen i Lindås er i samsvar med det som er skildra for landet elles.

## Vidare arbeid med tidleg innsats

Skulane i Lindås er no godt i gang med etablering av «Ressursteam». Teamet skal ha ei viktig rolle i forhold til å leggje til rette for god tilpassa opplæring; fange opp og følgje opp elevar med ulike behov. Saman med PPT har ressursteamet eit spesielt ansvar for å foreslå justeringar og rettleie lærarar til endringar i tilpassa opplæring for klassen/gruppa/einskildelevar. Det vert lagt vekt på å utvikla lærarane i teamet som rettleiarar for andre lærarar, inn mot den ordinære undervisninga slik at lærarane får hjelp til å utvikle opplegg i klassen, utan at eleven blir tatt ut. Skular som har lagt til rette for fleksibel organisering av undervisningstimar, melder at dette gjer det lettare å gå raskt inn med tiltak når behov blir avdekka.

Det førebyggjande systemarbeidet i samarbeid med PPT er også sentralt i arbeidet. PPT har fått fast representant i ressursteam på skulane. Dette gjer at dei blir godt kjend med skulen og dei tilsette, undervisning, organisering, arbeidsmetodar og kultur. PPT sin jobb som rettleiar inn mot ordinær undervisning, skal vere med til å redusere tilvisingane til PPT.

Ein skule seier i sin kvalitetsrapport at det neste dei no vil gjere, er å lage ein konkret plan for samarbeidet mellom barnehagen/ane og skulen tidleg om hausten.

På kommunenivå skal det settast av tid til oppfølging av:

- Utvikling av solide ressursteam
- Korleis nytte lærarane sin kompetanse godt
- Ressursbruk – felles forståing
- Kartleggingsverktøy - på skulenivå og på kommunenivå (PPT)
- Oppfølging av tiltak på skulenivå etter gjennomføring av dei nasjonale kartleggingsprøvene
- Vidareutvikling av samarbeidet med PPT
- Tverrfagleg samarbeid (ny organisasjonsstruktur med vekt på tidleg innsats)
- Det web-baserte dataprogrammet SamPro skal nyttast til betre samarbeid rundt individuelle opplæringsplanar (IOP) for elevar som har fått vedtak etter §5-1 i opplæringslova

Hausten 2015 skal det utarbeidast ein ny «Kvalitetsplan for oppvekst» som i størst mogleg grad skal støtte opp om målsetjinga om auka «Tverrfagleg innsats» og «Tidleg innsats». Inn mot dette prosjektet vil det bli gjort fleire prioriteringar om vegen vidare og faglege/sosiale satsingar.

Vi viser elles til strategiplanen og satsingsområde 2 «Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning».

## 4. Opplæring av minoritetsspråklege elevar

Elevar som får særskild norskopplæring på ulike årstrinn:											
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Sum 1.-10.
Tal elevar:	4	13	5	15	6	11	6	4	1	8	73

Tal elevar som får særskild språkopplæring i morsmål, tospråkleg fagopplæring og/eller anna tilpassa opplæring:

Morsmål	Elevar med bare morsmål	Elevar med morsmål og tospråkleg fagopplæring	Elevar med bare tospråkleg fagopplæring	Elevar med tilrettelagt opplæring	Sum:
Arabisk	0	0	3	0	3
Dari	0	0	1	0	1
Polsk	2	0	0	0	2
Rumensk	0	2	0	0	2
Somalisk	0	0	1	0	1
Sum:	2	2	5	0	9

### Lokale mål for opplæring av minoritetsspråklege elevar

- Elevar med anna språkbakgrunn enn norsk skal læra norsk raskast mogleg
- Tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp i norsk grunnskule. Elevar frå språklege minoritetar skal som alle andre barn, ha gode moglegheiter til å utvikla seg ut frå eigne føresetnadar
- Det skal vere gode rutinar på skulane på opplæringa av minoritetsspråklege elevar
- Skulane skal ha god kompetanse på fagområdet

### Vurdering

Gruppa av fleirspråklege barn og unge utgjer eit stort mangfald nasjonalt og lokalt. I Lindås kommune har det vore jamt aukande tilflytting av familiar frå andre nasjonar dei siste åra.

Det er heller ikkje i år meldt om særlege vanskar med opplæringa på barnetrinnet ut over kva ein kan forvente. På ungdomstrinnet er framleis utfordringane større. Elevar som kjem til kommunen seint i opplæringsløpet, får ofte for kort tid til å læra norsk før vidaregåande opplæring. Dette gjer at det er stor fare for at dei vert fråfallselevar i vidaregåande. Vi har ikkje tal på fråfall knytt til denne gruppa i Lindås, men nasjonalt viser tal for fråfall i vidaregåande at gruppa minoritetsspråklege elevar er representert med høge tal.

Særskild språkopplæring er ein rett etter opplæringslova som er spesielt viktig for denne elevgruppa.

FM i Hordaland gjennomførte i mars 2014 eit tilsyn i Lindås kommune. Tema for tilsynet var retten til særskild språkopplæring etter §2-8 i opplæringslova, kommunen sin oppfølging av

sakshandsamingsreglane som gjeld på området og kommunen sitt forsvarlege system for å sikre at krava i opplæringslova § 13-10 vert oppfylte. Tilsynet vart gjennomført ved innhenting av skriftleg dokumentasjon.

Kommunen sine retningsliner for opplæring av minoritetsspråklege elevar er endra i tråd med pålegg frå fylkesmannen. Intensjonen med retningslinene er å gi elevane ei likeverdig opplæring og ha gode prosedyrar i samband med sakshandsaming knytt til elevane sine retter.

Det er lite tilgjengelege morsmålslærarar i kommunen og undervisninga vert derfor i hovudsak konsentrert om særskild norskopplæring.

Alle avvik etter tilsynet er lukka og pålegg som følgje av tilsynet er gjennomført. Kommunen må utarbeide gode system for oppfølging av kvalitet i opplæring av denne elevgruppa.

## Vidare arbeid med opplæring av minoritetsspråklege elevar

Tiltak:

- Det må sikrast at retningslinene vert følgd på alle skulane. Plan for dette arbeidet må utarbeidast.
- Skulane sitt arbeid med særskild språkopplæring må konkretiserast i gode planar på skulenivå.
- Drøfting i ressursteam og leiarmøte: Kartlegging av språkkompetanse og innhald i opplæringa (i samarbeid med PPT)
- Kompetanse:
  - o Fleire lærarar i kommunen har vidareutdanning i fagfeltet.
    - Korleis kan denne kompetansen bli godt utnytta og spreidd til alle skulane – tema i leiarmøte
  - o Forvaltning – kurs for for skuleleiarar og lærarar i skulane sine ressursteam
  - o Etterutdanning og vidareutdanning i «Andrespråkspedagogikk»

## 5. Opplæring av vaksne

### **Grunnskule for vaksne**

Skuleåret 2014-2015 er det to grupper på eksamensretta grunnskule for vaksne. Ei gruppe har gjennomført to års opplæring, og det er seks kandidatar som er meldt opp til eksamen våren 2015. Den andre gruppa er i gong med fyrste året og skal ta eksamen våren 2016. Denne gruppa har tolv deltakarar.

### **Spesialundervisning for vaksne**

Vaksneopplæringa etter opplæringslova §4A-2 er organisert i tråd med vedtak. Mål og tiltak følgjer ein individuell opplæringsplan. Denne vert evaluert fortløpande og det vert utarbeidd årsrapport.

2014-2015 får tolv vaksne spesialundervisning med i snitt to timar i veka. Fleire av dei har hatt godt utbytte av undervisninga og vil avslutte opplæringa i løpet av våren 2015. Vi har og to elevar frå nabokommune som kjøper denne tenesten frå Lindås kommune.

I tillegg har sju vaksne fått logopedisk hjelp, og vi har kjøpt synspedagogiske tenester frå Bergen kommune.

### **Norskopplæring for vaksne flyktingar og innvandrarar**

Våren 2014 fekk kommunane ansvar for gjennomføring av dei nye digitale norskprøvene. Dette er no godt innarbeidd. Hausten 2015 vert desse prøvane utvida med nye nivå (B1-B2), og vi har sendt tre lærarar på opplæring slik at dei er ressurspersonar for regionen på dette området. Dei skal gjennomføre opplæring for kollegaer i august 2015.

Personalet deltek på vidareutdanningskurs i regi av VOX, IMDI og Fylkesmannen.

### **Resultat**

Vi har gode resultat frå norskprøvene, noko som mellom anna heng saman med stort fokus på individuell rettleiing. Elevane er veldig motiverte, og dette er medverkande til at kvaliteten på undervisninga vert god og dermed at resultatata vert gode.

### **Realkompetansevurdering**

Kommunen har fått ansvar for realkompetansevurdering. Vi deltek påkurs og opplæring i høve dette.

## 6. System for oppfølging (internkontroll)

### **System for oppfølging av kvalitetsarbeidet i grunnskulen i Lindås er bygd opp kring:**


1. Styrande dokument
  - a. Opplæringslova, forskrift til opplæringslova og læreplanverket Kunnskapsløftet 2006 (K-06)
2. Plandokument på stat, kommune- og skulenivå
  - a. Stortingsmelding nr. 20 (2012-13) «På rett veg»
  - b. Lindås kommune: Strategisk plan 2014-2018, verksemdplan (kommunenivå og skulenivå), årsplan/handlingsplan og kompetanseplan
  - c. Felles kommunale standardar/retningslinjer
    - o «Forskrift til ordensreglement», «Systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø» (jf. Kap.9a i opplæringslova), «Vurdering for læring», «Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar», «Elevpermisjonar», «Overgang barnehage-skule» og «Overgang barneskule-ungdomsskule»
3. Informasjon, analyse og vurdering
  - a. Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem ([www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no))
  - b. Brukarundersøkingar
  - c. KiS – Kvalitetsvurdering i skulen – analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling på skulen- oppfølging av undervisningspraksis
4. Faglege nettverk og møtearenaer (rektormøte, einingsmøte og plangruppesamlingar)
5. Oppfølging og drøfting av tilstand på kvar enkelt skule
  - a. Kvalitetssamtale annakvart skuleår (ny oppstart med halvparten av skulane vår 2016)
  - b. Oppfølgingssamtale mellom einingsleiari og rektor eit halvt år etter kvalitetsmøtet
  - c. Årleg kvalitetsrapport frå skulane
6. Rapportering
  - a. Budsjettrapportering
  - b. Årsmelding og
  - c. Tilstandsrapport

### Modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen (KiS):

For endring og utvikling av grunnopplæringa i Lindås kommune vert det lagt vekt på ein prosessorientert strategi. Kunnskapsutvikling og dialog på og mellom alle nivå i organisasjonen skal vere sentralt i arbeidet.

Modellen for "Kvalitetsvurdering i skulen" (KiS) skal nyttast som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetansen i organisasjonen. KiS tek utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som blir planlagt og gjennomført av lærarane og legg grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis. I denne dialogen vert alle ledd i skulen involvert: elevane, foreldre, lærarar, lærarteam, leiing og skuleeigar.

Kvalitetsvurdering i skulen kan illustrerast gjennom denne modellen (Senter for erfaringsdeling 2008):



Modellen si sterke side er at læringa i alle ledd går begge vegar, og at ein gjennom denne metoden kan utvikle ein samanhengande vurderingspraksis på alle nivå i organisasjonen. Modellen tek høgde for både "å telje og fortelje".

### Erfaringar med bruk av KiS frå to skular i kommunen:

- *Dei refleksjonssamtalane som personalet har hatt i ettertid har vore svært nyttige. Dei har fått oss til å tenkje over metodar, måtar vi underviser på, klasseleiing og mange andre refleksjonar. Sjølv om resultatet av elevarbeidet var vellukka, er likevel den refleksjonsdelen den mest nyttige for dei tilsette.*
- *Gjennom verktøyet KiS, har vi til no i år hatt to rundar med planlegging, gjennomføring og refleksjonar med fokus på undervisningsforløp med tydelege mål og kjenneteikn for elevane. Vi opplever at desse refleksjonane rundt vår praksis og tankar rundt førebuing, gjennomføring og elevane sitt utbytte, er gode og fruktbare. Elevane med spesielle behov har også deltatt i forløpa. Lærarane opplever det som svært positivt når ein får til å inkludera alle i gruppa. Og alle får konstruktive tilbakemeldingar når medelevane gjev respons på arbeidet deira, både positiv og ei framovermelding til kvarandre. I tråd med «LeseLos» har vi hatt veker prega av mykje elevaktivitet, og læringspartnarar har jobba tett saman. Elevane som samhandlar og reflekterer ilag med lærarane sine om si læring og utvikling, gjev både lærarar og elevane gode opplevingar i klasserommet. Igjen opplever vi å ha gode refleksjonsmøter, og vi ser at KiS-jobbinga pregar heile skuleåret.*

**Kvalitetssamtalane** er sentrale i arbeidet med vurdering av kvalitetsutviklinga på skulane i Lindås. Kvalitetssamtalane er eit møte mellom skuleeigar (fagsjef og einingsleiar) og representantar frå skulen (leiing, lærarar, foreldre og elevane). Samtalane er godt førebudd av alle som tek del, i møtet er det gode prosessar og vi legg vekt på eit godt etterarbeid. Kvalitetssamtalane bidreg til gode refleksjonar og drøftingar rundt læringsarbeidet og legg eit godt grunnlag for vidare arbeid med utvikling av læringsmiljø og læringsresultat på skulane og i kommunen.

Den årlege kvalitetssamtalen måtte utgå denne våren grunna omorganisering og kapasitet. Skulane har i staden sendt inn ein «Kvalitetsrapport for skuleåret 2014-2015». Rapportane inneheld ei vurdering av resultat og lokalt arbeid med læringsmiljø, læringsresultat, erfaringar frå KiS-forløp (sjå kap. 6) og skulane sitt/sine satsingsområde. Element frå skulerapportane er tatt inn i denne rapporten i ulike kapittel.

**Ny forskning og ulike undersøkingar** dei siste åra peikar på fleire viktige moment for utvikling av kvalitet i grunnskulen. Det handlar om den viktige rolla som skuleeigar har og om ein organisasjon med tydelege liner og tydeleg ansvarsfordeling og ikkje minst oppfølging. Roller i leiing og styring av skulen skal vere tydeleg. Særleg skal det leggjast vekt på å tydeleggjere ei rektorrolle med heilskapleg ansvar i lineleiinga.

**Opplæringslova §13-10** pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4.

Fylkesmannen er tillagt oppgåva å føre tilsyn med at kommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde eller i medhald av opplæringslova § 14-1. Det kan vere ulike tema for tilsynet, enten nasjonalt valt tema eller særskild tema valt av fylkesmannen i det enkelte fylke.

**KF-kvalitet** er eit nytt system som no er under oppbygging i Lindås. KF-kvalitet vert kommunen sitt nye kvalitetssikringssystem og skal nyttast frå hausten 2015.

## 7. Strategisk plan 2014-2018

### «Ein grunnskule i utvikling»

Skulen er ein møteplass der alle barn og unge skal få kunnskap og utvikle sine ferdigheiter, haldningar og verdier. Skulen skal gi alle elevar utfordringar og oppleving av meistring, legge grunnlaget for eit godt liv, vidare utdanning og aktiv deltaking i samfunnet og i arbeidslivet. Grad av kvalitet i grunnskulen er nært knytt til korleis denne målsettinga vert realisert for den enkelte elev.

For å sikra systematisk arbeid over tid, er det utforma ein strategisk plan for perioden 2014-2018.

Planen byggjer på ei analyse av tilstand, styrke og utfordringar både nasjonalt og lokalt. Planen skal synleggjere kva val og prioriteringar som er gjort i kommunen for å nå dei mål som er sett for grunnopplæringa. Planen skildrar Lindås kommune sine fire prioriterte satsingsområde for perioden 2014-2018. Arbeidet med dei fire hovudområda er gjennomgåande område som vil forplikte alle aktørar i skulane. I planen er det derfor også skildra tydelege krav og forventningar til alle aktørane. Kvart hovudområde har ei omtale, ei målsetting, ei skildring av viktige suksessfaktorar, indikatorar på måloppnåing og vurderingsmetode. Alle skulane i kommunen er forplikta i høve desse fire hovudområda. I tillegg kan skulen velje eit område ut frå skulens eigne behov.

Dei fire hovudsatsingsområda for perioden er:

- 1: Vurdering og klasseleiing (arbeid med læringsmiljø inngår i dette området)
- 2: Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning
- 3: Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter
- 4: Ungdomstrinnet meir praktisk retta

### Skulane sine satsingsområde skuleåret 2014-2015:

Alversund:	Læringsmiljø, Lesing som grunnleggjande ferdigheit (LeseLos) og IKT – digital kompetanse
Eikanger:	Lesing (leseLos), Vurdering og Læringsmiljø
Kløvheim:	LeseLos, DUÅ og Digitale ferdigheiter
Knarvik b:	LeseLos, Læringsmiljø og digitale ferdigheiter (elektroniske tavler)
Leiknes:	Læringsmiljø og Vurdering for læring
Lindås b:	Vurdering og klasseleiing
Myking:	Tiltak for flinke elevar
Ostereidet:	Ein god og variert skule, LeseLos og Vurdering for læring

Seim:	Lesing (LeseLos) og Klasseleiing
Skodvin:	Vurdering og klasseleiing
Lindås u:	UiU – Klasseleiing
Knarvik u:	UiU – Rekning som grunnleggjande ferdigheit
Ostereidet u:	UiU – Klasseleiing

## 8. Konklusjon

Skulen har ei brei målsetting uttrykt gjennom lov, reglar og planverk. Skulen si opplæring skal ha både eit individuelt og eit samfunnsretta perspektiv. Når kvalitet i opplæringa skal vurderast, er det viktig å ha med seg at «**ikke alt som tel, kan teljast**» og «**ikkje alt som kan teljast, tel**».

Kunnskapssamfunnet krev kunnskapsrike, medvitne og kreative borgarar som tek aktivt del i samfunnet. I skulen har vi dei seinare åra hatt mykje fokus på læring av grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse i hovudsak knytt til teoretiske fag som norsk, matematikk, engelsk og naturfag. Det er ei utfordring både nasjonalt og lokalt å følgje opp det breie samfunnsmandatet, når alle måleindikatorar er konsentrert om dei fagområda som er nemnd over.

Vi har høge nasjonale og lokale mål for opplæringa. Tilstandsrapporten 2014-2015 skal gi eit samla bilete av tilstanden målt i høve desse måla. All ny forskning om skule og skuleutvikling er oppteken av særtrekk ved skular med gode læringsmiljø og gode læringsresultat. I rapportar frå forskinga les vi at desse skulane er kjenneteikna av ein «sterk profesjonell læringskultur». Dette handlar om god skuleleiing, godt samarbeid, felles fokus og semje om analyse, vurdering og utviklingstiltak, gode drøftingar og refleksjonar rundt klasseromspraksis holdt opp mot teori og forskning. Skulane har ein «organisasjonsmessig kapasitet til endring» (NOU 2015:2 Å høre til, kap.9).

Kvalitetsrapportane frå skulane i Lindås 2014-15, viser at dette arbeidet også vert vektlagt på våre skular; særleg i samband med arbeidet med «LeseLos», «Vurdering for læring», Læringsmiljø og «Ungdomstrinn i utvikling». Ulike tiltak er med på å drive fram ei god utvikling. Fleire av skulane melder at dei har fått gode rutinar med gjennomføring av KiS, at det er engasjerande, lærerikt og med på å drive utviklinga i rett retning.

Vi er ikkje nøgd med elevane sine læringsresultat i Lindås. Mange fleire av våre elevar bør opp på eit høgare meistringsnivå i grunnleggjande ferdigheiter, men vi opplever å vere «på rett veg». I utvikling av kvalitet er det viktig å ha tålmod og ikkje spreie innsatsen på for mange ulike område. Derfor vert det viktig å halda fast på dei fire hovudområda skissert i den strategiske planen for 2014-2018.